

Skjema for kontohald i Noregs Bank – bankar

Skal fyllast ut av banken ved oppmoding om opning, endring eller avslutting av kontohald i Noregs Bank (NBO¹).

Namnet på banken og organisasjonsnummeret skal vere i samsvar med gjeldande firmaattest. Bankregisternummeret skal vere som tildelt av Finans Norge ved Bits AS. BIC skal vere som tildelt av SWIFT.

Namn på banken:

Organisasjonsnummer:

Bankregisternummer:

BIC (Bank Identifier Code) til banken²:

Reglar for opning og bruk av konto i Noregs Bank kjem fram av *Vilkår for kontohold i Norges Bank – Banker*, heretter kalla vilkåra. Vilkåra er tilgjengelege på nettsidene til Noregs Bank: <https://www.norges-bank.no/nbo>. Noregs Bank kan endre vilkåra, sjå punkt 1 i vilkåra.

A. Opning, endring eller avslutting av konto

Punkt A må fyllast ut.

1. Ordinær konto (oppgjerskonto)

Opning av ordinær konto ³ :	Ja	Nei
--	----	-----

Endring av ordinær konto:	Ja	Nei
---------------------------	----	-----

Avslutting av ordinær konto:	Ja	Nei
------------------------------	----	-----

Dato for avslutting av ordinær konto⁴:

¹ NBO: Noregs Banks oppgjerssystem.

² Bank som skal kunne sende og få betalningar direkte gjennom den lukka brukargruppa i NBO (closed user group – CUG), må ha ein «aktiv BIC». Andre bankar må ha ein «inaktiv BIC».

³ Når ein ber om at det blir opna konto, skal ein leggje ved kopi av nødvendige løyve til å drive verksemd som bank.

⁴ Banken må sjølv sørge for at kontoen har saldo null på avsluttingsdatoen, og at eventuelle verdipapir som er pantsette for lån i Noregs Bank, er frigitt frå pantekonto.

2. Beredskapskonto⁵ (alternativ til ordinær konto i punkt 1)

Oppretting av beredskapskonto:	Ja	Nei
Aktivering av beredskapskonto ⁶ :	Ja	Nei
Deaktivering av beredskapskonto:	Ja	Nei

Ønskt dato for endring:

Når ein ber om at det blir oppretta beredskapskonto, skal ein ikkje fylle ut punkta B, C, D og E nedanfor.

B. Deltaking i betalingsoppgjer

Punkt B må fyllast ut for ordinær konto eller ved aktivering av beredskapskonto.

Kontoen til banken i Noregs Bank (NBO) vil bli nytta til følgjande betalingsoppgjer:

1. Oppgjer av avrekningar og bruttooppdrag frå NICS:	Ja	Nei
2. Oppgjer av avrekningar frå Euronext VPS ⁷ (verdipapiroppgjer):	Ja	Nei
3. Oppgjer av betalningar til og frå CLS Bank (Continuous Linked Settlement):	Ja	Nei

Dersom banken har svart ja på minst eitt av punkta 1, 2 eller 3, aksepterer banken at slike betalingsoppdrag kan belastast og godskrивast kontoane til banken i Noregs Bank.

C. Informasjon til revisoren til banken

Punkt C må fyllast ut for ordinær konto og ved aktivering av beredskapskonto for at Noregs Bank skal kunne gi opplysningar om kontohaldet til banken i Noregs Bank direkte til revisoren til banken.

Banken gir samtykke til at Noregs Bank kan gi teiepliktig informasjon om den finansielle statusen til banken i Noregs Bank til den revisoren som er ført opp på gjeldande firmaattest for banken:

Ja Nei

⁵ Sjå føresegnar om beredskapskonto i punkt 4.1 i vilkåra.

⁶ Bankar som ønskjer å aktivere beredskapskontoen sin, skal leggje ved ei grunngiving for kvifor ein ønskjer å aktivere beredskapskontoen, og dessutan ei kort vurdering av likviditetssituasjonen for banken, medrekna forholdet til den ordinære oppgjersbanken. For å kunne disponere ein aktivert beredskapskonto må banken ha etablert testnøklar hos Noregs Bank.

⁷ Euronext VPS: Verdipapirsentralen ASA.

D. Lån i Noregs Bank

Punkt 1 må fyllast ut for ordinær konto og ved aktivering av beredskapskonto.

1. Ønskjer banken tilgang til å ta opp lån i Noregs Bank: Ja Nei

Om svaret er ja, må punkta 2, 3, 4 og 5 og dessutan punkt E fyllast ut.

2. Vil banken nytte Euronext VPS for å registrere pant for lån i Noregs Bank: Ja Nei

Om svaret er ja, må underpunkta 2.1 og 2.2 fyllast ut.

2.1 Før opp pengekonto som skal godskrivas utbetaling av renter av verdipapir som er pantsette i Euronext VPS for lån i Noregs Bank:

2.2 Før opp pengekonto som skal godskrivas utbetaling av avdrag og forfall av verdipapir som er pantsette i Euronext VPS for lån i Noregs Bank:

3. Vil banken nytte ein forvaltar til å administrere pantsetjinga i Euronext VPS for lån i Noregs Bank: Ja Nei

Om svaret er ja, må underpunkta 3.1 og 3.2 fyllast ut.

3.1 Banken gir følgjande forvaltar⁸ fullmakt til å administrere pantsetjinga til banken i Euronext VPS for lån i Noregs Bank:

3.2 Kontonummer i Euronext VPS der forvaltaren skal registrere pantet til banken⁹:

4. Vil banken nytte eit verdipapirregister i utlandet for å registrere pant for lån i Noregs Bank: Ja Nei

Om svaret er ja, kva for eit verdipapirregister skal nyttast:

Euroclear Bank SA/NV: Ja Nei

Clearstream Banking SA: Ja Nei

Om svaret er ja, må banken inngå særskilde avtalar med Noregs Bank og verdipapirregisteret.

⁸ I tillegg til namn på forvaltar må det opplysast om registernummeret til vedkommande (5 siffer) i Euronext VPS.

⁹ Skal fyllast ut dersom banken allereie har pantekonto i Euronext VPS. Viss ikkje vil Noregs Bank opprette pantekonto i Euronext VPS for dette formålet.

Vil banken nytte ein agent for å administrere pantsetjinga i verdipapirregister i utlandet for lån i Noregs Bank:

Ja Nei

Om svaret er ja, må neste punkt fyllast ut.

Banken vil bruke følgjande agent for å administrere pantsetjinga i utanlandsk verdipapirregister:

5. Ønskjer banken å delta i Scandinavian Cash Pool (innskot som garanti for lån mellom Danmarks Nationalbank, Sveriges riksbank og Noregs Bank):

Ja Nei

Om svaret er ja, må banken inngå særskilde avtalar med Danmarks Nationalbank og/eller Sveriges riksbank.

E. Pantsetjingserklæring – garanti for lån i Noregs Bank

Eit maksimumsbeløp for lån må først opp dersom banken ønskjer å kunne ta opp lån i Noregs Bank.

Tilgangen banken har til lån i Noregs Bank, blir regulert i vilkåra, inkludert *forskrift om adgang til lån og innskudd i Norges Bank* (låneforskrifta) og *retningslinjer for sikkerhetsstillelse for lån i Norges Bank*, fastsett med heimel i låneforskrifta.

Noregs Bank krev full sikring for utlån. Banken er innforstått med at pant for lån i Noregs Bank, medrekna midlar som er betalte ut ved avdrag, uttrekking eller forfall av pantsett verdipapir, skal nyttast som sikring for Noregs Banks noverande og framtidige krav på tilbakebetaling av hovudstol, renter, forseinkingsrenter, gebyr, eventuelle kostnader som er knytte til rettsleg forfølging, og kostnader til realisasjon av pantet.

Det maksimale lånet til banken i Noregs Bank og det maksimale kravet frå Noregs Bank mot banken blir sett til følgjande (normalt 5, 50 eller 500 milliardar kroner i samsvar med om banken er i NBO-prisgruppe B, A2 eller A1):

NOK 5 milliardar

NOK 50 milliardar

NOK 500 milliardar

Ved behov kan banken og Noregs Bank avtale ei anna beløpsgrense.

F. Forpliktingane til banken

Ved utfylling og underteikning av dette skjemaet aksepterer banken dei vilkåra som gjeld til kvar tid. Banken forpliktar seg til å etterleve dei gjeldande vilkåra og dei endringane i vilkåra som blir kunngjorde. Vilkår og endringar er tilgjengelege på nettsidene til Noregs Bank.

Banken samtykkjer til at Noregs Bank, utan hinder av teieplikta, kan varsle aktørar som sender betalingsoppdrag til Noregs Bank på vegner av fleire institusjonar, som NICS og Euronext VPS, om endringar i deltakinga til banken i NBO. Det same gjeld informasjon til Euronext VPS om saldoen til banken på LOM-kontoen for verdipapiroppgjjer.

Dersom éin eller fleire deltakarar manglar dekning for betalingsposisjonen sin i ei avrekning som skal gjerast opp i NBO, kan Noregs Bank informere operatøren for avrekningssystemet om kva bankar som manglar dekning. Noregs Bank kan òg informere operatøren for eit avrekningssystem om oppseiing, suspensjon og avgrensing av lånetilgangen til banken.

Alle forhold i samband med kontohaldet i Noregs Bank blir regulerte av norsk rett. Ved avvik mellom teksten på norsk og på engelsk gjeld teksten på norsk.

Eventuelle søksmål skal fremjast for Oslo tingrett.

Underteikna har fullmakt til å forplikte banken i samsvar med gjeldande firmaattest eller særskild fullmakt. Stadfesta kopi av gyldig legitimasjon for dei personane som underteiknar, og eventuell stadfesta kopi av særskild fullmakt, må leggjast ved. Noregs Bank skal få dette skjemaet i utfylt stand og underteikna i original på papir.

Stad og dato

Namnet på banken

Namn

Namn

Tittel

Tittel

.....

Signatur

.....

Signatur